

**MØTEBOK****VA-gebyr og feiegebyr 2024**

Utval sak	Utval	Møtedato
66/23	Utval for plan og miljø	05.12.2023
93/23	Kommunestyret	12.12.2023

Vedlegg:

- 1 Budsjett renovasjon og slam Fitjar kommune 2024
- 2 Vatn 2024
- 3 Avløp 2024
- 4 Feiing 2024
- 5 VA-investeringar

Bakgrunn:

Både vatn og avlaup er sjølvkostområde, der kostandane kommunen har med å produsera og transportera vatn og transportera og reinsa avlaupsvatn vert dekt av gebyr. Både drift og investeringar vert finansiert gjennom gebyr.

Feiing og brannsyn er også sjølvkostområde, og også her skal kommunen sine kostnadar med å feia og gjennomføra tilsyn dekkjast av gebyr.

Kommunestyret vedtek gebyrsatsane for 2024 separat. Dette har fylgjer for driftsnivået innan vatn og avlaup, og også for investeringsnivået.

Årsgebyr (grunngbyr) for 2023 er kr 3 950,- for vatn og 5 252,50,- for avlaup. I tillegg kjem 25% mva.

Sjølvkostområda for vatn og avlaup har gått med til dels store underskot dei siste fem åra. Oppsamla underskot for vatn pr. 31.12.2022 var kr. 1 570 000,-, og for avlaup var det kr. 750 000,-.

Sjølvkostområdet for feiing og brannsyn har i varierende grad gått med overskot og underskot dei siste åra. Oppsamla overskot pr. 31.12.2022 var kr. 70 000,-.

Vurdering:Overordna problemstillingar innan vatn og avlaup

Fitjar kommune må forventa å måtta gjennomføra større investeringar og driftstiltak på VA-anlegga dei komande åra. Kommunen er i gang med utarbeiding av vassnettsmodell og kartlegging av tiltak som må gjennomførast for å sikra ei trygg og tilstrekkeleg drikkevassforsyning i kommunen i framtida. Det vil og vera naudsynt å kartleggja løysingar for å oppfylla forventa reinsekrav etter EU sitt nye avlaupsdirektiv, der krava er forventa betydeleg innstramma.

Fitjar kommune har mange eldre VA-anlegg som er modne for utskifting. Årsaka til det kan vera leidningar med dårleg materialkvalitet, vasskummar som ikkje lenger let seg stengja, ukurante leidningstraséar der leidningane t.d. kan liggja i for dårlege omfyllingsmassar eller er vanskeleg tilgjengelege, og, ikkje minst, høg lekkasje prosent.

Kommunen har også fleire såkalla fellesanlegg, der både overvatn og avlaupsvatn er leidd inn på same avlaupsleidninga. Dette var vanleg tidlegare, men er svært ugunstig, då «reint» vatn kjem inn på avlaupsanlegget og forstyrrar prosessane for handtering av avlaupsvatn. Avlauspumpestasjonane må pumpa overvatn rundt på nettet, og silanlegget får meir vatn tilført enn det skal. Separering av fellesleidningar vil dessutan vera heilt naudsynt når kommunen skal til med avlaupsreinsing, då for mykje «reint» vatn øydelegg reinseprosessen. For mykje framandvatn på avlaupsnettet kan og føra til for mykje overløp.

Forslaget til investeringsbudsjett innan VA tek høgde for at kommunen må førebu seg på større investeringar innan både vatn og avlaup, jf. merknadane over. Forslaget til investeringstiltak gjenspeglar dette. For ytterlegare detaljar om dei einskilde investeringstiltaka, syner me til kommunedirektøren sitt budsjettframlegg. Sjå og vedlegg.

Særskilte merknadar knytt til vatn

Om lag 80% av befolkninga i Fitjar kommune er tilknytt offentleg vassverk. Fitjar kommune eig 59 646 meter med kommunale vassleidningar. Av desse er kring 15 000 meter frå perioden 1940-1970, kring 21 000 meter frå perioden 1971-2000 og kring 23 000 meter frå perioden 2001 og seinare. Kommunen har framleis nokre vassleidningar med asbest (298 meter) og av stål (954 meter) som er ynskt skifta ut.

Kommunen har sidan 2015 hatt ei utskiftingstakt på vassnettet som fylgjer:

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
0,13 %	0,25 %	0,71 %	0,95 %	1,12 %	1,26 %	0,63 %	0,46 %

Opplysningane og tala over er henta frå KOSTRA.

Det er sterkt ynskjeleg å auka utskiftingstakta på vassnettet for å syta for god forsyningssikkerheit med trygt og nok drikkevatt.

Dagens nivå på driftsbudsjettet er så lågt at det i dag ikkje er mogleg å gjera naudsynte utbetringar. I dag er 2,35 stillingar finansiert innan sjølvkostområdet. Det utgjer 1,625 driftsoperatørstillingar, 0,2 reinhaldsstilling, 0,325 prosjektstilling, dessutan 20% av etatssjef si stilling.

- Merknad til driftsbudsjettet; «Småanlegg vatn»

I fleire år har det lege inne ein investeringspost i budsjettet som heiter «småanlegg vatn» på kr. 500 000,- Dette har i realiteten vore driftsmidlar, og er difor teke ut av investeringsbudsjettet. Samstundes er dette pengar som er naudsynte for å få gjennomført vanlege driftstiltak, og det er ynskjeleg at midlane vert overførte til driftsbudsjettet på sjølvkostområdet.

Administrasjonen ser føre seg at nivået på driftsbudsjettet i tillegg bør aukast ytterlegare for å kunna gjennomføra heilt naudsynte utbetringar av eksisterande nett, slik som å skifta ut vasskummar som ikkje kan stengjast, utbetra lekkasjar på nettet og montera overvakingsutstyr til å hjelpa med lekkasjesøk.

Slik det er i dag, utset administrasjonen å gjera vedlikehaldstiltak på nettet til dei siste månadane i året, for å sikra at det er budsjettdekning for det me har behov for å gjera. Dette er ikkje ein gunstig eller hensiktsmessig måte å driva det kommunale vassnettet på, og fører til at heilt naudsynte oppgraderingar fell bort og ikkje kan gjennomførast.

Administrasjonen understrekar at me så langt me kan gjennomfører ein del arbeid sjølv framfor å leiga entreprenør. Dette er for å halda vedlikehaldsutgifter nede. Etter administrasjonen sitt syn er det heller ikkje hensiktsmessig at kvar nye kum, lekkasjeutbetring eller mindre vedlikehaldstiltak vert eigne postar på investeringsbudsjettet.

Administrasjonen føreslår at driftsbudsjettet for vatn vert styrka med kr 1 000 000,- samanlikna med 2023.

Ei slik styrking av driftsbudsjettet vil medføra gebyrauke på kr. 659,- i året.

- *Ny stilling*

Kommunen må redusera lekkasjeprosenten på vassnettet. For å oppnå dette må det arbeidast systematisk med lekkasjesøk, mellom anna med å dela opp nettet i soner ved hjelp av måleutstyr, og deretter målretta snevra inn områda der dei største lekkasjane er. For å driva med dette, er det behov for å styrka bemanninga på avdelinga.

Vidare er det fleire stader i kommunen der det bør påleggjast påkopling til det offentlege vassnettet. Der bygningar ligg så nært offentleg leidning at kommunen har høve til å krevja tilknytning, bør dette også faktisk gjerast. Det vil syta for at fleire får helsemessig god drikkevassforsyning, og at fleire vert med å dela på kostnadane kommunen har med å driva det kommunale vassnettet. For å kunna gjera oppnå dette, er det behov for å styrka avdelinga.

Administrasjonen føreslår at tal stillingar vert auka opp med 0,6 innanfor sjølvkostområdet for vatn.

Ei slik stilling vil medføra gebyrauke på kr. 283,- i året.

Særskilte merknadar knytt til avlaup

Fitjar kommune eig 12 200 meter med kommunale spillvassleidningar. Det aller meste er frå før år 2000, med ca. 5000 meter frå 60-70-talet og ca. 5000 meter frå 80-90-talet. Kring 3 600 meter av desse er fellesleidningar (avlaup og overvatn i eitt). Fornya leidningsstrekk sidan 2015 er berre kring 600 meter (2019). Prosent fornya spillvassnett pr år er 0 %, med unntak av 2019 (1,67 %). Tala er henta frå KOSTRA.

Det er sterkt ynskjeleg å auka utskiftingstakta på avlaupsnettet for å kunna handtera bortleiing av avlaupsvatn og oppfylla miljømål.

Dagens nivå på driftsbudsjettet er så lågt at det i dag ikkje er mogleg å gjera naudsynte utbetringar. I dag er 1,25 stillingar finansierte innan sjølvkostområdet. Det utgjør 0,875 driftsoperatørstillingar og 0,175 prosjektstilling, dessutan 20 % av etatssjef si stilling.

- *Merknad til driftsbudsjettet; «Småanlegg avlaup»*

I fleire år har det lege inne ein investeringspost i budsjettet som heiter «småanlegg avlaup» på kr. 500 000,- Dette har i realiteten vore driftsmidlar, og er difor teke ut av investeringsbudsjettet. Samstundes er dette pengar som er naudsynte for å få gjennomført vanlege driftstiltak, og det er ynskjeleg at midlane vert overført til driftsbudsjettet på sjølvkostområdet.

Administrasjonen ser føre seg at nivået på driftsbudsjettet i tillegg bør aukast ytterlegare for å kunna gjennomføra heilt naudsynte utbetringar av eksisterande nett, slik som å utbetra lekkasjar (både inn- og utlekking) på avlaupsnett og montera overvakingsutstyr på nettet til å hjelpa med lekkasjesøk, og separera fellesleidningar.

Slik det er i dag, utset administrasjonen å gjera vedlikehaldstiltak på nettet til dei siste månadane i året, for å sikra at det er budsjettdekning for det me har behov for å gjera. Dette er ikkje ein gunstig eller hensiktsmessig måte å driva det kommunale avlaupsnettet på, og fører til at heilt naudsynte oppgraderingar fell bort og ikkje kan gjennomførast.

Administrasjonen understrekar at me så langt me kan gjennomfører ein del arbeid sjølv framfor å leiga entreprenør. Dette er for å halda vedlikehaldsutgifter nede. Etter administrasjonen sitt syn er det heller ikkje hensiktsmessig at kvar nye kum, lekkasjeutbetring eller mindre vedlikehaldstiltak vert egne postar på investeringsbudsjettet.

Administrasjonen er klar over at den føreslegne gebyrauka vert stor for neste år dersom driftsbudsjettet skal aukast med kr. 1 000 000,- på både vatn og avlaup. Me meiner at ei slik auke er naudsynt for å kunna gjera viktig vedlikehald på nettet. I lys av fylgjene det får for den samla gebyrauka frå 2023 til 2024, føreslår administrasjonen difor likevel at driftsbudsjettet i 2024 vert styrka med kr 500 000,- for avlaup samanlikna med 2023.

Ei slik styrking av driftsbudsjettet vil medføra gebyrauke på kr. 526,50,- i året.

1. Ny stilling

Kommunen må arbeida med å heva kvaliteten på avlaupsnett. Eitt tiltak som er aktuelt er å redusera lekkasjeprosenten på avlaupsnett (både inn- og utlekking). Separering av fellesanlegg er eit viktig punkt, der overvatn må fjernast frå avlaupsnett.

Vidare er det fleire stader i kommunen der det bør påleggjast påkopling til det offentlege avlaupsnett. Der bygningar ligg så nært offentleg leidning at kommunen har høve til å krevja tilknytning, bør dette også faktisk gjerast. Det vil syta for at me får sanert fleire utslepp og slik oppnår miljøgevinst, og at fleire vert med å dela på kostnadane kommunen har med å driva det kommunale avlaupsnett. For å kunna oppnå dette, er det behov for å styrka bemanninga på avdelinga.

Administrasjonen føreslår at tal stillingar vert auka opp med 0,4. Saman med ny stilling (0,6) innan vatn, utgjer det totalt ei ny 100% stilling.

Ei slik styrking av driftsbudsjettet vil medføra gebyrauke på kr. 301,- i året.

Vatn og avlaup: gebyrnivå 2024 og i økonomiplanperioden

Når det gjeld gebyrnivå i 2024 og framover i økonomiplanperioden, syner me til kommunedirektøren sitt budsjettforslag der det er føresett ei gebyrauke på 13,8 % på vatn (til kr. 4 495,-) og 5,3 % på avlaup (til kr. 5 531,-) i 2024.

Som fylgje av utgreiinga som nemnd over, vil administrasjonen føreslå at gebyra i 2024 vert som fylgjer:

Vatn: grunngelyr på kr 5 437,-. Dette utgjer ei auke på 37,6% frå 2023.

Avlaup: grunngelyr på kr. 6 358,50,-. Dette utgjer ei auke på 21% frå 2024.

Årsaka til den store auka er det låge nivået driftsbudsjettet har lege på dei siste åra, og det store vedlikehaldsetterslepet det er naudsynt å ta att. Kommunen må kunna sikra trygg og tilstrekkeleg drikkevassforsyning og god og miljømessig bortleiing av avlaupsvatn.

Til samanlikning opplyser me for ordens skuld om gebyrnivået for nokre av våre nabokommunar, sjå tabell under. Me gjer merksam på at gebyra ikkje er likt samansett i alle kommunane (nokre delar opp i fastavgift og variabel avgift), slik at tala ikkje er 100% samanliknbare.

Kommune	Vatn, bustad, eks mva pr 2024	Avlaup, bustad, eks mva, pr 2024
Stord	4 142,40,-	3 923,20,-
Bømlo	4 815,-	5 975,-
Tysnes	5 740,-	5 854,40,-
Sveio	4 519,50,-	4 199,30,-

Administrasjonen tilrår elles at den lokale forskrifta om vass- og avlaupsgebyr vert gjennomgått og oppdatert i 2024, slik at store forbrukarar av vatn (t.d. visse næringsaktørar) i større grad betalar gebyr samsvarande med sitt forbruk. Dette vil vera enklare der kommunen legg opp til større bruk av vassmålarar, og gebyr vert gjeve etter faktisk forbruk. Administrasjonen tilrår og at det i det komande åra vert arbeidd meir med å krevja påkoplingar til offentleg nett. Det vil gje fleire abonnentar å dela gebyra på.

I 2026 er gebyret planlagd å auka med 6,1 % på vatn og 17,1 % på avlaup. Bakgrunnen for dette er at me i 2024 og 2025 legg opp til å henta inn underskotet på sjølvkostområda, mens frå 2026 vil gebyra og måtta dekkja det planlagde investeringane.

Feiing:

I 2024 er det ikkje naudsynt med gebyrauke innan sjølvkostområdet for feiing og brannsyn.

Slam og renovasjon

Slam og renovasjon vert utført av SIM, som og har rekneskapen. Kommunen ivaretek abonnementsregister og dispensasjonar, og har ei lita godtgjersle for dette arbeidet.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune fastset satsar for eigedomsavgifter for 2024, gjeldande frå 1. januar 2024:

Gebyr	Grunngebyr i 2024	Auke (prosent) i 2024
Årsgebyr vatn	5 437,-	37,6%
Årsgebyr avlaup	6 358,50,-	21%
Tilknytingsavgifter vatn og avlaup		4,3%
Årsgebyr feiing og brannsyn		0%
Årsgebyr slam og renovasjon	Sjå liste frå SIM	

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 05.12.2023

Behandling:

Utvalsleiar Jo Kjetil Strand (FRP) la føre følgjande framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til at eigedomsavgifter for 2024 gjeldande frå 1. januar 2024 i form av årsgebyr vatn og årsgebyr avlaup ikkje aukar med meir enn kommunal deflator 4,3 %.

Utsetjing av gebyr auken begrunnes med påvente av ny vannbehandlingsplan som er under arbeid og vil bidra til bedre planmessig utbetring.

Fitjar kommune kan ikkje påføra innbyggjarane gebyrauke i denne størrelsesorden slik situasjonen i samfunnet med dyrtid no er. (Kommunestyret kan bevilge midler til nødvendige investeringer i småanlegg- både vatn og avløp for å halde eiendomsavgiftene nede.)

Utvalet drøfta saka.

Framlegget frå Strand (FRP) vart sett opp mot framlegget frå kommunedirektøren. Framlegget frå Strand (FRP) fekk 3 røyster mot 2 røyster (KRF og SP).

Det ligg etter dette føre slik tilråding til kommunestyret:

Vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til at eigedomsavgifter for 2024 gjeldande frå 1. januar 2024 i form av årsgebyr vatn og årsgebyr avlaup ikkje aukar med meir enn kommunal deflator 4,3 %.

Utsetjing av gebyr auken begrunnes med påvente av ny vannbehandlingsplan som er under arbeid og vil bidra til bedre planmessig utbetring.

Fitjar kommune kan ikkje påføra innbyggjarane gebyrauke i denne størrelsesorden slik situasjonen i samfunnet med dyrtid no er. (Kommunestyret kan bevilge midler til

nødvendinge investeringer i småanlegg- både vatn og avløp for å halde eiendomsavgiftene nede.)

Saksprotokoll i Kommunestyret - 12.12.2023

Behandling:

Representanten Harald Rydland (KRF) kommenterte saka, og la føre slikt framlegg til vedtak:

Fitjar kommune fastset satsar for eigedomsavgifter for 2024, gjeldande frå 1. januar 2024 (satsane er inkl. 25 % mva):

Gebyr	Grunngebyr i 2024 eks. mva	Grunngebyr i 2024 inkl. mva	Auke i % i 2024
Årsgebyr vatn	4.494,-	5.618,-	13,8%
Årsgebyr avlaup	5.530,-	6.913,-	5,3%
Tilknytingsavgifter vatn og avlaup			4,3%
Årsavgift feiing og brannsyn			0%
Årsgebyr slam og renovasjon	Sjå liste frå SIM	Sjå liste frå SIM	

Ved røysting vart framlegget frå utval for plan og miljø sett opp mot framlegget frå Rydland (KRF).

Framlegget frå Rydland (KRF) fekk 8 røyster (KRF, AP og SP) og fall. Framlegget frå utval for plan og miljø fekk 9 røyster (H, FRP og INP).

Det ligg etter dette føre slikt vedtak:

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at eigedomsavgifter for 2024 gjeldande frå 1. januar 2024 i form av årsgebyr vatn og årsgebyr avlaup ikkje aukar med meir enn kommunal deflator 4,3 %.

Utsetjing av gebyr auken begrunnes med påvente av ny vannbehandlingsplan som er under arbeid og vil bidra til bedre planmessig utbetring.

Fitjar kommune kan ikkje påføra innbyggjarane gebyrauke i denne størrelsesorden slik situasjonen i samfunnet med dyrtid no er. (Kommunestyret kan bevilge midler til nødvendige investeringer i småanlegg- både vatn og avløp for å halde eiendomsavgiftene nede.)

John Karsten Raunholm
konst. kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.